
Saksnr: 2019/11-45
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------|-------------|------------|
| Valnemnda | | 28.09.2020 |
| Fylkestinget | | 29.09.2020 |

Val av rådsmedlem til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Forslag til innstilling

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane - rådet:

Medlem:

Varamedlem:

Samandrag

Fylkestinget har tidlegare i år og i desember i fjor gjennomført dei fleste av vala til ulike styreverv o.l. Oppnemningane og vala er samanfatta i eit valregister som er sortert på organisasjonsform og i alfabetisk rekkefølge. Valregisteret er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister-2019-2023.pdf>

I denne saka legg fylkesrådmannen fram sak om val av rådsmedlem til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget har tidlegare i år og i desember i fjor gjennomført dei fleste av vala til ulike styreverv o.l. Oppnemningane og vala er samanfatta i eit valregister som er sortert på organisasjonsform og i alfabetisk rekkefølge. Valregisteret er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister-2019-2023.pdf>

I denne saka legg fylkesrådmannen fram sak om val av rådsmedlem til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har fullmakt til å innstille eller velje medlemar til eksterne organ, jf. reglement for fylkestinget, punkt 2.4.6. Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda.

Generelt om val

For informasjon om generelle reglar som gjeld for dei ulike vala, syner fylkesrådmannen til tidlegare saksutgreiingar, t.d.:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=2145&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=59608&sourceDatabase=>

Om dette valet

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane - <https://www.misf.no/>
Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) si oppgåve som museum er å dokumentere, forske og formidle natur-, kulturarv og kunst i fylket. Følgjande sjølvstendige museum er i dag med i MiSF: De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum, Norsk Reiselivsmuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Sunnfjord Museum og Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter.

Stiftinga har eit råd, som m.a. har til oppgåve å uttale seg om årsmeldingar, budsjett o.l., velje nokre av styremedlemene, velje valnemnd, m.m.

Fylkeskommunen skal velje ein av dei 23 rådsmedlemene. Stiftinga har også bede om at det vert oppnemnd ein varamedlem. Valet gjeld for fire år.

I perioden 2015-2019 var Jenny Følling fylkeskommunen sin rådsmedlem. Ho var ordførar i rådet i denne perioden.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje direkte relevant.

Klima: Ikkje direkte relevant.

Folkehelse: Ikkje direkte relevant.

Regional planstrategi: Ikkje direkte relevant.